



Harald Strømsnes
Hellebrekkene 26
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/546 - 16/16268

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
14.06.2016

Godkjent endring av løyve -garasje - gbnr 38/30 Hodne

Administrativt vedtak. Saknr: 289/16

Tiltakshavar: Harald Stømsnes
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om endra løyve til oppføring av garasje med plassering 0,50 m frå nabogrensa. Det er lagt fram erklæring om at Lindås Tomteselskap godtek dette.

Det vert elles vist til løyve datert 02.03.2016

VURDERING:

Plassering

Hovudregelen er at mindre bygningar skal plasserast minst ein meter frå nabogrensa. Her er det spesielle forhold på plassen som gjer at det er mest tenleg for brukaren å plassera bygget nærast mogeleg grensa. Dette vil ikkje vera problematisk for bruken av naboeigedommen, som er leikeplass/grøntområde. Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-4 vert søknad om endra plassering av garasje godkjent i samsvar med søknaden, og på følgjande vilkår

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteken 14.06.2016, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Elles gjeld løyve datert 02.03.2016

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/546

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at det opprinnelege løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Mottakarar:

Harald Strømsnes

Hellebrekkene 26 5957

MYKING